

## VILLREINJAKTA 2008 – SAMLERAPPORT FRÅ JAKTOPPSYNET I NORDFJELLA

### 1. OPPSYNSPERSONELL

Følgjande 9 personar var engasjerte av villreinutvalet i oppsynstenesta:

|     |                             |
|-----|-----------------------------|
| 01  | Per Aksel Knudsen           |
| 02  | Alf Waaler                  |
| 04  | Eivind Lurås                |
| 05  | Kristoffer Ullern Hansen    |
| 07  | Gunnar Dokk                 |
| 08  | Øystein Flaget              |
| 09  | Håkon Øydvin (oppsynsleiar) |
| 011 | Runar Tufto                 |
| 012 | Magne Syversbråten          |

Som dei føregåande åra har oppsynet i Nordfjella vore tilknytt Statens Naturoppsyn sin felles oppsynssentral på Skinnarbu, Hardangervidda.

### 2. UTFØRD TENESTE

Det vart av jaktoppsynet utført til saman **78** oppsynsdagar. Desse dagsverka utgjorde i alt **939,5** timar, noko som gjev ei gjennomsnittleg arbeidstid på **12** timar pr. dag. Tilsvarande tal i 2007 var 81 oppsynsdagsverk, 873 timar, og 10,8 timar pr. dag.

SNO deltok med Hans Vidar Nestegard frå Hol som hadde nokre feltdagar når dyra var kring Hallingskarvet.

Politiet var ute 7 feltdagar når dyra sto ved Skarvenden og 1 feltdag ved Vargene.

Hol fjelloppsyn var og med og kontrollerte reinsjegrar når reinen sto i deira område.

#### Kontrollar

351 oppsynskontrollar fordelte seg slik (fjorårstala i parentes):

- 202 informasjon (167)
- 54 kontrollar før felling (137)
- 64 kontrollar under slakting (41)
- 7 kontrollar under transport (6)

Hol fjelloppsyn var med og kontrollerte/ informerte 9 reinsjegrar.

#### Registrerte tilfelle av skadde dyr fjorårstala i parantes

|                            |                              |
|----------------------------|------------------------------|
| Skadde dyr sett av oppsyn: | 1 (11)                       |
| ” ” avliva av oppsyn:      | 0 (2)                        |
| ” ” avliva av jegerar:     | 3 (4) (3 med naturleg skade) |
| ” ” funne daude*:          | 3 (4)                        |

\* av oppsynet eller andre som har meldt frå om funn av daude dyr under jakta.

Dette gjev ein skadeskytingsprosent (registrerte skadde/ døde dyr i høve til fellingskvote) på 0,6 % (2,9 % i 2007). Dette er bra i høve til tendensane som har vore i dei siste åra.

### **3. GENERELT OM JAKTA**

Hovudtyngda av dyr har stått nord for Rv. 50 denne jakta, oppsynet har ikkje registrert meir enn ca. 800 dyr sør for riksvegen.

Nord for rv. 50 sto storflokkane i eller aust om Førdalen/ Sandalen nesten heile jakta. Den siste veka kom dyra lenger vest.

Når det gjeld reinen sør for rv. 50, så fordelte den seg godt i jaktterrenget slik att det var mange jegrar som fekk jakta på flokkane.

Hausten 2008 har vore svært fin vermessig.

### **4. JAKTUTØVINGA**

Jaktutøvinga har vore svært god denne hausten, ein skadeskytingsprosent på 0,6 er svært bra.

Oppsynet har likavel 3 anmeldte forhold, som er sendt politiet når det gjeld jaktutøvinga. Alle 3 sakene gjeld manglande ettersøk, med ukjent gjerningsperson, etter funn av døde dyr med skotskade. Dette tyder på att nokre jegrar ikkje fylgjer opp ettersøksplikta, dette er noko oppsynet vil ha større fokus på til neste jakt.

Oppsynet melder om til saman 12 OPS-saker (saker der det er gjeve munnlege pålegg på staden). OPS-sakene gjaldt formalitetar omkring våpenkort eller kontrollkort. To forhold med feilskyting,, lita simle på kalvakort og liten 2,5 åring på ungdyrkort. Dei to siste var tilfelle av uforsvarleg skyting.

Fleire av oppsyna melder i rapportane sine om bomskyting i gode situasjonar, dette tyder på for lite skytetrening. Oppsynet vil oppfordra grunneigarar og fjellstyra til å støtta opp om tiltak som stimulere til meir skytetrening.

### **5. SAMJAKTAVTALAR**

Bruken av samjaktavtalar over valdgrensene har vorte meir omfattande dei siste åra. Oppsynet ser positivt på avtalar som gjer att jegrane kan jakta der dyra står, i staden for å liggja å jakta på grensene. Det har ikkje vorte registrert nokon negative episodar med desse samjaktavtalane, men me vil minna om att jegrane må kunna visa fram overgangsavtalane ved kontroll.

### **6. SAMBAND OG KOORDINERING AV OPPSYNET**

#### **Oppsynssentralen på Skinnarbu**

Til saman 79 samtalar (62 i fjor) vart journalførde mellom oppsynssentralen og oppsyn/politi i Nordfjella. Skinnarbu fungerer svært bra, berre me kjem igjennom på telefon.

#### **Internt samband**

Sikringsradiokanal 12 (i tillegg til 7 og 8) har brukbar dekning i området nord for rv. 50, men var vanskeleg å nå frå områda sør for denne veggen. Frå oppsynet si side hadde det vore ynskeleg å flytt sendaren på Raubergnuten lenger vest.

#### **Koordinering:**

Både politi, SNO og lokale oppsyn er flinke til å støtte opp om Villreinutvalet si oppsynsordning, og gjev beskjed til oppsynsleiar før dei dreg ut.

Aurland, den 20/10-08

Håkon Øydvin  
-oppsynsleiar-

